

ANSVARLIG REDAKTØR/ADM. DIR.
Arne Reginiusen
are@ifinnmark.noNYHETSREDAKTØR
Alexandra Kosowski
aki@ifinnmark.noREDAKTØR
Stian Eliassen
ste@ifinnmark.noREDAKTØR
Svein G. Jørstad
sgj@ifinnmark.no

«Etablert i Hammerfest i 1913 for å arbeide for øket næringsliv og bedre levekår blant det arbeidende proletariat i Finnmarken»

INNLEGG

**GRØNT SKIFTE:** Det dreier seg ikkje lenger om klima, skriver Svein Lund.

Reindriffta må raserast for å gi «grøn» energi

Svein Lund
Kautokeino

■ Det må byggast turbinar på kvart fjell og vidde der det bles litt, så Noreg blir «Europas batteri». Alle bensin- og dieslbilar skal byttast ut med elbilar. For å få til dette må vi auke mineralutvinninga, av koppar, neodym, litium, grafitt, kobolt, jern, kalkstein osv. osv. Alt dette må gjørast for å berge klimaet og berge kloden. Dette er det grønne skiftet, og derfor kan da ingen vere mot det. Og Noreg går sjølvstast foran, som alltid.

■ Denne historia forsøker dei å få oss til å tru på, den heilage alliansen av regjeringspartia, Ap, Sp, NHO, LO, Bellona, Zero, Norsk Bergindustri m.fl. Men om vi går det litt etter i sømmane finn vi at det er mye som raknar.

■ - Frp er for alle «grønne tiltak» som vindkraftutbygging, elbilar og utvinning av «grønne metall». Samtidig er dei klimafornektarar, som ikkje trur på at klimaet blir endra av menneska sine utslepp.

■ Derfor er dei mot all begrensing i utvinning og forbruk av olje og gass.

■ - Høgre trur derimot på klimaendringane, men konkluderer likevel på same måte med å satse på alle hestar.

■ - Equinor alias Statoil skal bygge vindturbinar for 100 mrd. kr. i Nordsjøen. Dette gjør dei sjølvstast for å redde klimaet for oss alle. Samtidig satsar dei stort på oljeutvinning i Brasil, og skamrosar Brasil si behandling av regnskogen.

■ - Norsk Bergindustri vil ha meir utvinning av dei «grønne minerala» av omsyn til det grønne skiftet, men forsvarar like iherdig utvinning av gull, som bare har negative sider i klimarekneskapen.

■ - Selskapet Freyr vil starte batterifabrikk, sjølvstast for det grønne skiftet. Direktøren kjem frå regnskogsrasering i Indonesia.

■ - Noregs største samla vindkraftanlegg er planlagt i Finnmark. Bak det står eit finsk oljeselskap. Ein representant for dei sa nylig at «vi» må jo ofre litt for klimaet. Dette sa han i samband med at reindrifftsområde vil gå tapt.

■ - Trass alle store ord går utseppa av CO₂ ikkje ned i Noreg. For eit tiår sidan var det miljøvernarar som sto i spissen for å krevje vindkraft og elbilar.

■ No har dei fleste av dei sett baksida av desse tiltaka, samtidig som dei har blitt meir skeptiske til dei positive verknadane. No har det snudd slik at det er kapitalkreftene, høgresida og

«kraftsosialistane» som går i spissen for «klimavenlig» energiproduksjon og forbruk. Det finst knapt eit energiselskap, eit oljeselskap eller eit gruve-selskap som ikkje marknadsfører seg sjølv som bærekraftig, klima- og miljøvenlig.

■ «Det grønne skiftet» er ikkje eit skifte der ein skiftar ut dei gamle skitne kleda, ein tar bare nye og grønne utpå. Det skal gjennomførast utan å redusere på oljeutvinninga eller på unødige produksjon og forbruk. Forbruket av mineral skal derimot auke.

■ Det grønne skal bare komme i tillegg, som eit nytt satsingsområde som kan gi profit og kan-skje arbeidsplassar. Det dreier seg ikkje lenger om klima. Det dreier seg om at «grønne investeringar» er lønsame (og ofte får statsstøtte) og at bruk av grønne slagord kan gjøre det lettare å få gjennom tiltak som elles kunne bli stoppa av miljøomsyn.

■ Det er jo utbygarane som er miljøvernarar. Gruveavgang må dumpast i Repparfjorden, Førdefjorden og Bøkfjorden av omsyn til miljøet og klimaet. Reindriffta må raserast for å gi «grøn» energi. Naturen og naturbrukarane må ofrast. Sjølv ofrar dei ingen ting. Dei tener bare enno meir.

■ Og det er det som det dreier seg om.

Stramt for fastlegene

LEDER: 25.09.19

■ Fastlegeordningen er under press. Ti prosent av fastlegene ønsker å slutte, og det er for få leger som vil inn i denne rollen. Dette er noen av konklusjonene fra evalueringen av ordningen som er gjennomført av to eksterne selskaper. Fastlegene har rett og slett for mye å gjøre. De får ikke gjort unna arbeidsmengden innenfor det som burde være en normal arbeidsdag. Fastlegene har blitt pålagt stadig nye oppgaver, blant annet av administrativ art.

■ - Arbeidsbelastningen har økt, og flere leger opplever arbeids-situasjonen sin som uhåndterbar. Det gir grunn til bekymring, sa helseminister Bent Høie (H) da evalueringsrapportene ble presentert. Folkehelseinstituttet la samtidig fram en undersøkelse som forteller at brukerne er fornøyde med fastlegene sine, men de er mindre fornøyde med legenes tilgjengelighet.

■ Krisen blant fastlegene har vært kjent lenge, men det er først nå det foreligger grundige evalueringer av ordningen. Helseministeren avviser at han har sittet med hende i fanget i påvente av disse rapportene. Regjeringen har over flere år satt av penger til rekruttering av fastleger, og ordningen er i år styrket med 180 millioner kroner. Rett skal være rett. Regjeringen har gjort en del, men det gjenstår mye.

■ Evalueringen peker blant annet på at for dårlig samarbeid mellom sykehus og kommuner fører til ekstra press på fastlegene. Dette samarbeidet blir et viktig tema i den nye sykehusplanen som regjeringen legger fram senere i høst. Regjeringen vil også vurdere å fjerne eller forenkle noen av fastlegenes oppgaver som ikke er knyttet til pasientbehandling. Det gjelder for eksempel legenes ansvar til å skrive ut ulike attester.

■ Helsedirektoratet har nylig fått i oppdrag å se på om sykemelding kan gjøres enklere, men samtidig forsvarlig, gjennom elektronisk konsultasjon. Dette synes å være en brannfakkell, men det er positivt at regjeringen ikke vil la noe være uprøvd i bestrebelsene på å gjøre hverdagen bedre for fastlegene. Det sammenstilte svaret vil komme i handlingsplanen for fastlegeordningen neste år.

■ Fastlegene må få færre oppgaver. Her burde politikerne ha skåret igjennom mye raskere, for denne svakheten ved ordningen har lenge vært påvist. Det hører også med til historien at kommunene hevder å ha blitt påført ekstrautgifter som staten burde ha tatt. Regjeringen bør kjenne sin besøkelsestid og bla opp mer penger slik at ordningen kan fungere etter sin hensikt.

■ Legeforeningen karakteriserer situasjonen som alvorlig. På den annen side mener hun at fastlegeordningen som sådan er en suksess i form av god relasjon mellom lege og pasient. Her gjelder det altså å ikke slå barnet ut med badevannet. En god ordning kan og må gjøres bedre.

” Ti prosent av fastlegene ønsker å slutte, og det er for få leger som vil inn i denne rollen.

Finnmark Dagblad
arbeider etter
Vær Varsom-
plakatens regler for
god presseskikk.

**PRESSENS
FAGLIGE UTVALG**

Pressens Faglige Utvalg (PFU) behandler klager mot pressen i pres-seetiske spørsmål. Adresse: Rådhusgt. 17, Pb. 46, Sentrum, 0101 Oslo
Tlf: 22 40 50 40. Fax 22 40 50 55. E-post: pfu@presse.no.